

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 13.10.2011

SAKLISTE

- 53/11 DELEGASJONSSAKER
- 54/11 SKRIV OG MELDINGAR
- 55/11 VAL 2011 – GODKJENNING
- 56/11 VAL AV FORMANNSKAP 2011 – 2015
- 57/11 VAL AV ORDFØRAR 2011 - 2015
- 58/11 VAL AV VARAORDFØRAR 2011 – 2015
- 59/11 VAL AV KONTROLLUTVAL 2011 – 2015
- 60/11 VAL AV HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST 2011 - 2015
- 61/11 VAL AV HOVUDUTVAL FOR OMSORG 2011 - 2015
- 62/11 VAL AV HOVUDUTVAL FOR PLAN OG UTVIKLING 2011 – 2015

I tillegg kjem ei lang rekke saker om utnemning av representantar til ulike styre, råd og utval. Fullstendig sakliste med detaljert informasjon om desse, og eventuelle nye saker ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 13.00.
Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Trude Brosvik
Ordfører

Takk for meg!

Etter 12 år som ordfører er det tid for skifte. Eg takkar for dei åra eg har fått vere ordfører i denne flotte kommunen. Det har vore både ei krevande og gjevande tid. Eg brenn for ei god utvikling i Gulen, og for at folk skal like å bu her.

Det er ikkje feil å seie at eg overtok ein kommune med skakkøyrd økonomi, og at mykje av kreftene har vore brukt på å snu den utviklinga. Og det har kommunestyret greidd. Så no vert styringa av kommunen levert vidare med eit budsjett i balanse, og med litt pengar på bok, slik at ein kan investere i naudsynte tenester.

Men sjølv med trong økonomi, så har det skjedd mykje bra i Gulen desse åra.



På samferdsle-fronten er det kanskje lettast å sjå, då siste brua mot øyane er på plass og kommunen dermed er knytt sterkare saman. Vegene til Dingja og vedtaka om kabelferje til Hisarøy er også viktige sambindingar i kommunen vår. Og vi må heller ikkje gløyme at det er lagt fast dekke på mange av dei kommunale vegane.

Næringslivet i Gulen går godt, og satsinga rundt GMU AS er svært viktig. Og Gulatinget er blitt fylket sin Tusenårsstad, og vi har god støtte i arbeidet fram mot å bli ein del av Grunnlovsjubileet 2014. Gulatinget er ein nasjonal arv som vi har grunn til å vere stolte av. Det krev endå mykje arbeid, men eg er viss på at satsinga her er rett! Vi må bli flinkare til å heve blikket og sjå på kor stort dette er, heller enn å telje småpengar og små lokale motsetningar når vi skal få fram i lyset denne kulturskatten. Skal vi få til denne typen saker, så må vi stå samla! Så med dette helsar eg velkomen og lukke til til ny ordfører og nytt kommunestyre. Med orden i økonomien og med samhald kan ein nå langt!!

Helsing Trude

Val 2011



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011 er vel gjennomført og det nye kommunestyret er straks konstituert. Nokre av medlemmane er med vidare frå førre periode, mens andre medlemmar kjem inn heilt ferske i politikken. Gulen kommune ynskjer alle lukke til i vervet dei er valt inn i dei neste fire åra.

Høg valdeltaking

Av 1759 røysteføre i Gulen kommune var det 1331 som avga røyst til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011. Dette gir ei valdeltaking på 75,67 %, noko som plasserer kommunen på topp i Sogn og Fjordane! Dette vitnar om eit stort engasjement blant innbyggjarane i kommunen.

På neste side finn de valresultat for Gulen kommune samt ei komplett liste over det nyvalde kommunestyret.

Valresultat - mandatfordeling

Ant. røysteføre: 1,759 Valdeltaking: 75.67 %

Partiliste	Førehand	Valting	Totalt	%	Mandat
Det norske Arbeidarparti	875	2,092	2,967	10.62	2
Senterpartiet	2,645	8,677	11,322	40.51	8
Kristeleg Folkeparti	1,008	1,587	2,595	9.28	2
Venstre	1,224	2,427	3,651	13.06	3
Høgre	1,232	5,173	6,405	22.92	5
Framstegspartiet	408	603	1,011	3.62	1
Totalar..	7,392	20,559	27,951		21

Senterpartiet

Nr	Representantar	Fødd
01	Hallvard Hallst Oppedal	1956
02	Helga Irene Ellingsen	1969
03	Lars Atle Larsen	1967
04	Kristin Margrete Byrknes	1965
05	Jenny Norunn W Nordal	1957
06	Johnny Leidvin Langvatn	1964
07	Reidar Andreas Byrknes	1956
08	Jon Ivar Steine	1969
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Lars Magnus Neverdal	1973
02	Møyfrid Kvamme	1952
03	Beate Haugland	1973
04	Arnhild Kjellevoid	1958
05	Ole Larsen	1968
06	Bjørn Kåre Hjartholm	1969
07	Björg Johanne H Haugland	1971
08	Klaus Hope Hjartholm	1973
09	Rolf Erlend K Sleire	1987
10	Henrik Barnel Oppedal	1949
11	Øystein Ludvik Ynnesdal	1951

Det norske Arbeidarparti

Nr	Representantar	Fødd
01	Gerd Ingunn Ynnesdal	1962
02	Odd Harald Per Eide	1955
03	Merete Ånneland Misje	1972
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Nina Kolås Rutledal	1980
02	Gøril Sætre	1982
03	Jørgen Virkesdal	1959
04	Herfinn Takle	1951

Framstegspartiet

Nr	Representantar	Fødd
01	Finn Johansen	1951
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Gjert Knarvik	1966
02	Dennis Nerdal	1952
03	Frank Økland	1977
04	Ronny Melbye	1974

Høgre

Nr	Representantar	Fødd
01	Arve Harald Mjømen	1954
02	Øyvind Bøe	1976
03	Stein-Inge Larsen	1972
04	Åshild Daae Eide	1987
05	Anne-Mette D Andreassen	1964
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Bjørn Brekke	1944
02	Astrid Uthaug	1968
03	Ola Braanaas	1962
04	Monica Daae	1975
05	Tore Larsen	1976
06	Marit Iren Austgulen Wick	1967
07	Monica Bakkeli	1967
08	Ørjan Sandnes	1964

Venstre

Nr	Representantar	Fødd
01	Bjarte Undertun	1982
02	Laila Solbjørg Nyhammer	1957
03	Dagfinn Midtun	1958
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Torbjørn Sognefest Kolås	1977
02	Rune Østerbø	1958
03	Vivian Våge	1977
04	Margrethe Thune Trædal	1982
05	Njål Hansen Wilberg	1976
06	Mona Haveland Midtun	1968

Kristeleg Folkeparti

Nr	Representantar	Fødd
01	Trude Brosvik	1961
02	Kjell Oddvar Stendal	1967
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Erene Wilberg	1956
02	Bente Hauge	1974
03	Jo Helge Baarøy	1969
04	Erna Kjelby	1947
05	Jan Henrik Leknes	1964

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimesida



www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

Kommunen vil gjerne oppmode innbyggjarar i Gulen å halde fokus på planar via Infoposten og heimeside!

I dag pågår 27 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik

Høringsrunde for 1. gongs offentleg gjennomsyn er avslutta og vurdering av merknad pågår.

Kommunedelplan for Eivindvik

Planforslag for 1. gongs offentleg gjennomsyn vert utarbeidd.

Kommunedelplan for Trafikktrygging

Planarbeid for planen pågår. Samrådsmøte med vegvesen og politi vart halde 21. september 2011.

Kommuneplanen for Gulen kommune

Vurdering for å setje i gang rullering pågår.

Reguleringsplanar

Godkjenning av Plan for:

- **Kabelferje til Hisarøy.**

1. gongs offentleg gjennomsyn pågår:

- Randal hyttegrend endring, frist 21.10.11
- Sollibotn Hyttegrend, endring, frist 21.10.11

Følgjande planar er administrativt godkjent og vert vedteke for 1. gongs offentleg gjennomsyn:

- Krekebærtua, Gbnr. 94/5, Bremnes

Planar som nyleg er starta opp / skal starta opp:

- Storevågsneset, Gbnr. 75/4,5, Brandanger, frist 28.10.11
- Vatsvik hytter, 83/4,5, endring, frist 10.10.11

Framlegg for planoppstart for:

- Tausevågen, Gbnr. 95/19, Byrknesøy

Dette skjer i kyrkja



9. oktober kl. 11.00:
Familiegudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

16. oktober kl. 11.00:
Familiegudsteneste i Brekke kyrkje

23. oktober kl. 11.00:
Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje

30. oktober kl. 11.00:
Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik

6. november kl. 11.00:
Allehelgens gudsteneste i Mjømna kyrkje.
Vi minnst dei avlidne

6. november kl. 15.30:
Allehelgens gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik
Vi minnst dei avlidne

13. november kl. 11.00:
Gudsteneste i Brekke kyrkje.
Vi minnst dei avlidne.

20. november kl. 11.00:
Gudsteneste i Mjømna kyrkje.

27. november kl. 11.00:
Avskjedsgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.
Offisiell avskjed med sokneprest Jens Linde.

4. desember kl. 13.00:
Adventsverkstad i Risnehall i Brekke

11. desember kl. 15.30:
Adventskonsert i Mjømna kyrkje

17. desember kl. 15.30 (laurdag):
Adventskonsert i Brekke kyrkje

18. desember kl. 15.30:
"Vi syng jula inn" i Gulen kyrkje, Eivindvik

Prestesituasjonen i Gulen:

Jens Linde avsluttar tenesta si på Ostereidet 20. oktober. Etter ferie og avspassing er han frå 3. november tilbake i Gulen i 100% fram til 31. desember. Kjell Svarstad tek til som ny sokneprest frå 1. januar 2012.



SEMINAR FOR PÅRØRENDE TIL RUSMIDDELAVHENGIGE.

Stiftelsen Bergensklinikkene inviterer til et todagers gratis seminar for pårørende til rusmiddelavhengige. Bakgrunnen for seminaret er kunnskapen om at et rusproblem ikke bare belaster den som er avhengig av rusmidler, men også dem som står rundt. Ofte har både den rusmiddelavhengige, familie og hjelpeapparat først og fremst vært opptatt av hvordan den rusmiddelavhengige kan hjelpes, og lite fokus har vært rettet mot familien.

Det å være pårørende til en rusmiddelavhengig oppleves ofte som vanskelig og skambelagt. Rusbruken fører til problemer i familien og stiller pårørende overfor mange vanskelige situasjoner og valg. Mange har i liten grad snakket med andre om sine opplevelser knyttet til rusmisbruket, og føler seg veldig alene om problemene. Ofte opplever pårørende at omgivelsene i liten grad forstår vanskene de har.

Hvem kan delta på seminaret:

Pårørende til personer som er rusmiddelavhengige (alkohol, medikamenter, narkotiske stoffer). Det vil si partnere, voksne barn, foreldre, søsken etc. Tilbudet er ikke egnet for barn under 16 år. Dette er ikke et tilbud til dem som er rusmiddelavhengige og tilbudet gies uavhengig av om den rusmiddelavhengige er i behandling eller ikke.

Hva inneholder seminaret:

Hovedfokus vil være på hvilken måte rusmisbruket virker inn på den som er i nær relasjon til den rusmiddelavhengige. Vi vil bruke mye tid på den situasjonen familien befinner seg i og på hvordan familien kan ivareta egne behov.

Vi vil også ta opp problemstillinger vedrørende behandling av rusmiddelavhengighet og gir mulighet for å ta opp forhold de lurer på i forhold til hjelpeapparat/egen rolle i forhold til den med rusmiddelavhengighet.

Seminaret er et gratis tilbud og blir avholdt 24. - 25. november 2011, kl. 09.00 til 15.00.

Sted: Hotell Neptun, Valkendorfgaten 8, 5012 Bergen
Den enkelte må selv skaffe overnatting.

Påmelding: Bindende påmelding innen 12. november til

e-mail: kurs@bergensklinikkene.no

Telefon: Reidun Hesthammer, telefon 55 90 86 34

eller brev: Stiftelsen Bergensklinikkene, Vestre Torggate 11, 5015 BERGEN

**Da det er begrenset plass MÅ man melde seg på
Pårørende som ikke har deltatt på slike
seminarer før, vil bli prioritert.**